



Hallfrid Magny Andås
Kvassnesvegen 22
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6522 - 20/14588

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2020

Svar på førespurnad om søknadspliktig terrengarbeid - gbnr 6/1 Andås

Vi viser til din førespurnad om søknadsplikt for planlagt terrengarbeid på gbnr 6/1 på Andås. Av førespurnaden går det fram at arealet ligg mellom to etablerte brakkeriggjar og at terrengarbeidet ikkje vil gje fyllingshøgde større enn 3 meter på noko punkt innanfor arealet.

Arealet som det er ønskje om å planera er oppgitt til 4 437 m² på kart utarbeidd av landbruksavdelinga.



Vurdering av søknadsplikt


Byggesak vurderer at tiltaket på grunn av omfang og plassering ikkje er unntatt søknadsplikt. Tiltaket er søknadspliktig med bruk av ansvarlege føretak, jf. §§ 20-1 bokstav k) og 20-3 i plan- og bygningslova.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2023 er avsett til byggeområde for fritids- og turistføremål. Av plankartet går det elles fram at tiltaket ligg innanfor bandleggingssona for framtidig E39, faresone for ras og skred og gul støysone.

I byggeområda er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan. Om tiltaket kjem inn under føresegna om unntak frå kravet om regulering har vi for lite opplysningar til å vurdere.

Utsnitt frå kommuneplanen for Lindås 2019- 2031



Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Trygve Andås

Leknesvegen 167

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Hallfrid Magny Andås

Kvassnesvegen 22

5914

ISDALSTØ